

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Næring og miljøutvalet
Møtestad: *FSK sal Hareid rådhus*
Dato: *25.10.2016*
Møte tok til *15:00*
Møte slutta *16:00*

Næring og miljøutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 19.10.2016.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Hege Holstad	Medlem	AP
Bernt Brandal	Medlem	FOHAR
Ingebjørn Grimstad	Nestleiar	FRP
Gunnar Riise	Medlem	H
Turid Lise Ambjørnsen	Medlem	H
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Kjetil Nasset	LEDER	FOHAR

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Ivar Karl Liaset	Kjetil Nasset	FOHAR

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Kristin Myrene	Landbrukskontoret

Ingebjørn Grimstad leia møtet

7 voterande

Næring og miljøutvalet handsama PS 52/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 53/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 58/16
Næring og miljøutvalet handsama RS 53/16 – RS 55/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 54/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 55/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 56/16
Næring og miljøutvalet handsama PS 57/16

**SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT**

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 52/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 53/16	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referatsaker	
RS 53/16	41/225- Rammeløyve til påbygg- Øyehol Brygge	2015/975
RS 54/16	50/1 - Søknad om frådelling av bustadtomt under gnr 50 bnr 1	2016/716
RS 55/16	41/1300- Mellombels bruksløyve for 41/1300 snr 2	2015/766
	Politiske saker	
PS 54/16	Tildeling av SMIL midlar for 2016	2016/184
PS 55/16	Tildeling av midlar til drenering av jordbruksjord for 2016	2016/184
PS 56/16	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Trines Fotklinikk	2016/1197
PS 57/16	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Trådkråa - Sigrid Jønsson	2016/1224
PS 58/16 —	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Stiftinga Hareid Næringsforum	2016/797

Hareid, 19.10.2016

Kjetil Nesset
utvalsleiarAnne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 52/16 Godkjenning av innkalling og sakliste /

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Det var fylgjande merknad til sakliste:

PS 58/16 hadde falle ut av saklista, men vart handsama i møtet.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak: __

Innkalling vart godkjent utan merknad.

Sakliste vart godkjent med merknad.

PS 53/16 Godkjenning av protokoll førre møte /

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå førre møte.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.



REFERATSAKER

RS 53/16 41/225- Rammeløyve til påbygg- Øyehol Brygge

RS 54/16 50/1 - Søknad om frådelling av bustadtomt under gnr 50 bnr 1

RS 55/16 41/1300- Mellombels bruksløyve for 41/1300 snr 2

Referatsaker samrøystes teke til vitande.

—



POLITISKE SAKER

PS 54/16 Tildeling av SMIL midlar for 2016 2016/184

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Kristin Myrene frå landbrukskontoret orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet vedtek framlegg til løyving av SMIL-midlar for 2016 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1

Grunngjeving:

Prioritering av tiltaka er i samsvar med Strategiplan for 2013 – 2016

Lovheimel:

FOR-2004-02-04-448 Forskrift om tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket sist endra FOR-2015-02-17-132 med verkand frå og med 01.01.2015

PS 55/16 Tildeling av midlar til drenering av jordbruksjord for 2016 2016/184

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Kristin Myrene frå landbrukskontoret orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet vedtek framlegg til løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord for 2016 slik den ligg føre i saksutgreiinga, vedlegg 1.

Lovheimel:

FOR 2013-06-25-769 Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

PS 56/16 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Trines Fotklinikk 2016/1197



Næring og miljøutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommune gjev med dette tilsegn om tilskot frå næringsfondet til Trines Fotklinikk med inntil kr. 90 000,- eks. mva. for å starte opp verksemd.

Tilsegn gjeld i 6 månadar og fell deretter bort utan nærare varsel. Tilskotet vert betalt ut når det ligg føre dokumentasjon på at investeringane er gjennomførde.

Vedtaket kan klagast på etter § 29 i kommunelova, og § 28 i forvaltningslova.

PS 57/16 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Trådkråa - Sigrid Jønsson 2016/1224

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommune finn ikkje å kunne gje tilskot frå næringsfondet til TrådKråa då søknaden ikkje ligg innanfor Møre og Romsdal sine retningsliner for kommunale næringsfond.

Grunngjeving:

Tiltaket vert definert som «bedriftsretta tiltak» jf. punkt 5 i retningsliner for kommunale næringsfond i Møre og Romsdal, som seier at det berre kan gjevast støtte til investeringar i utstyr og maskiner i kommunane som ligg i sone III og IV. Hareid kommune ligg i sone II.

Vidare seier retningslinene i punkt 6 at «Det kan ikkje gjevast tilskot til ordinær drift av verksemd. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt».

PS 58/16 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Stiftinga Hareid Næringsforum 2016/797



Næring og miljøutvalet si handsaming:

Rakel Dyrhaug frå Hareid Næringsforum orienterte.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommune gjev med dette tilsegn om tilskot frå næringsfondet til Stiftinga Hareid Næringsforum med 50 % av eit grunnlag på kr. 190 000,- eks. mva. for å gjennomføre Handel i Hareid. Tilskotet er avgrensa til kr. 95 000,-.

Tilsegn gjeld i 6 månadar og fell deretter bort utan nærare varsel.

Tilskotet vert betalt ut når det ligg føre dokumentasjon på at investeringane er gjennomførde.

Vedtaket kan påklagast etter § 29 i kommunelova, og § 28 i forvaltningslova

Anne-Karete Mork

Utvalsekretær

Ingebjørn Grimstad

Nestleiar